

Får ros for vakthaldet

08.08.2009



Mange gjorde ein kjempeinnsats under Festidalen. Her er dei frivillige samla til orientering på fredagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I rapporten til kommunen sine skjenkekонтrollørar etter besøk på Festidalen laurdagskvelden får arrangøren ros for vakthaldet. Kontrollørane held fram at det er godt med vaksne vakter på området.

Kontrollørane har også ellers berre positive merknader. Dei svarar til dømes nei på pørsmålet om tydeleg berusa personar får tilgjenge og om det vert observert overskjenking. Heller ikkje vert det observert alkohol som var teken med inn eller ut.

Festidalen har ellers bedt kommunen om delutbetaling av tilskotet til marknadsføring som vart løyvt av næringsfondstyret i vår.

Kommunen har gjeve melding om at det blir overført 15.000 kroner.
Resten av tilskotet vert utbetalt når det føreligg samla oversikt over kostnadene med marknadsføringa.

Av Ola Matti Mathisen